



Anda Livia Baba
Kolåsvegen 105
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2256 - 19/28473

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
23.09.2019

Løyve til arealoverføring - gbnr 107/16 Kolås

Administrativt vedtak: Saknr: 531/19

Heimelshavar: Anda Livia Baba

Søklar:

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 226m² frå gbnr. 107/16 til 107/12 vist som skravert område på situasjonsplan datert 08.08.2019.

Det vert elles vist til søknad mottatt 08.08.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 22.08.2019 då 14-dager fristen for nabovarsel gjekk ut. Frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen er regulert innafor det som reguleringsplanen for Kolås III er sett av til bustadføremål.

Dispensasjon

Tomta var i reguleringsplanen regulert som 1 tomt, sjå utsnitt av plankartet. I dag er tomta synt som to tomter – gbnr 107/16 og 107/12, sjå utsnitt reguleringsplan skanna. Den gang tomta vart delt opp, var denne endringa i strid med reguleringsplanen. Omsøkte arealoverføring vil vere meir i samsvar med reguleringsplanen. Det vert på dette grunnlag ikkje kravd dispensasjon frå planen.

Utsnitt plankart	Reguleringsplan skanna med dagens
------------------	-----------------------------------

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 08.08.2019.

Vatn og avløp (VA)

Det er inga endring i vatn- og avløp med tiltaket.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Det er inga endring i tilkomst, avkøyrsløp og parkering med tiltaket.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Privatrettslege tilhøve

Gbnr 107/16 og gbnr 107/12 har same grunneigarar.

VURDERING:

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Omsøkte arealoverføring vil vere meir i samsvar med reguleringsplanen. Det vert på dette grunnlag ikkje kravd dispensasjon frå planen. Det oppstår ikkje forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Begge eigedomane framstår meir i tråd med plan på grunn av sin storleik, form og plassering.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 08.08.19.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 226m² frå gbnr. 107/16 til 107/12 vist som skravert område på situasjonsplan, datert 08.08.2019.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 226m² frå gbnr. 107/16 til 107/12 vist som skravert område på situasjonsplan, datert 08.08.2019 på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 08.08.19, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.19/2256

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anda Livia Baba

Kolåsvegen 105 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Anda Livia Baba

Kolåsvegen 105 5955

LINDÅS